



Møteprotokoll for Utval for Areal, plan og miljø - styringsgrupper

Møtedato: 22.03.2023
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 09:00 - 13:15

Anne Grete Eide-Åp var møteleiar i leiar Malin Andvik-Krf sitt fråvær.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Anne Grete Eide	AP	Nestleiar
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Sveinung Toff	V	Medlem
Henning Fyllingsnes	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Malin Helene Andvik	KRF	Utvalsleiar
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Jon Vidar Sakseide	KRF	Malin Helene Andvik
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Jogeir Romarheim
Leif Gunnar Taule	SP	Vigdis Villanger

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anny Bastesen-kommunalsjef teknisk forvaltning og drift, Arne Eikefet-rådgjevar Samfunnsutvikling stab, Hogne Haugsdal-kommunalsjef for Samfunnsutvikling og næring, Kristin Nådald-tenesteleiar Plan og analyse, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse, Rolf Raknes-fagansvarleg Plan og analyse, Ståle Hauge-rådgjevar Samfunnsutvikling stab, Terje Villanger-fagansvarleg Plan og analyse, Trude Langedal-rådgjevar Plan og analyse, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møteprotokoll
003/23	Kommuneplanen sin arealdel for Alver-vedtaksmøte i politisk styringsgruppe

001/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Utval for Areal, plan og miljø - styringsgrupper 22.03.2023:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

APMST- 001/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

002/23: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for Areal, plan og miljø - styringsgrupper 22.03.2023:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte - 14.12.2022 vert godkjent, samrøystes.

APMST- 002/23 Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 14.12.2022 er godkjent.

003/23: Kommuneplanen sin arealdel for Alver-vedtaksmøte i politisk styringsgruppe

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Politisk styringsgruppe gjev sin tilslutning til:

1. Metode for grovsiling av arealinnspeil - kriteria for grovsiling fase 2 (vedlegg 1)

Utval for Areal, plan og miljø - styringsgrupper 22.03.2023:

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg var samrøystes vedteke.

APMST- 003/23 Vedtak:

Politisk styringsgruppe gjev sin tilslutning til:

1. Metode for grovsiling av arealinnspeil - kriteria for grovsiling fase 2 (vedlegg 1)



Møtereferat

Dato: 22. mars 2023

Tid og stad: Kl. 9:00 – 15:00
Formannskapssalen Frekhaug

Bakgrunn: Møte i politisk styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel for Alver

Til stades: Utval for areal, plan og miljø og representantar frå administrasjonen.

Politisk styringsgruppe for kommuneplanen sin arealdel for Alver

Agenda

Introduksjon til dagen	Marte Hagen Eriksrud
Bolk 1 Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsvurdering	
Introduksjon til tema	Kristin Nåmdal
Kva er konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsvurdering?	Multiconsult
Kvifor er beredskap og samfunnstryggleik eit viktig tema i arealplanlegging?	Ståle Hauge
Bolk 2 Status utgreiingar og kunnskapsgrunnlag	
Introduksjon	Marte Hagen Eriksrud
Kartlegging av strandsona	Rolf M. Raknes
Kommunen sine eigne arealbehov	Trude Langedal
Næringsareal	Arne Eikefet
Bolk 3 Innspel til arealdelen	
Arealreserve bustad	Trude Langedal
Framlegg til kriteria for fase 2 av grovsilinga	Marte Hagen Eriksrud
Bolk 4 Vidare prosess og framdrift	
Vidare prosess	Marte Hagen Eriksrud
Risiko og framdrift	Kristin Nåmdal

Møtet vert streama.

Referat

Bolk 1 Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

Presentasjon frå Kristin Nåmdal (tenesteleiar plan og analyse), Torunn Åsheim (Multiconsult) og Ståle Hauge (beredskap og samfunnstryggleik). Følgjande tema var omtalt i samtale og dialog:



- Spørsmål; er det ikkje noko system som trekker ut informasjon av databasane for å gjere arbeidet med konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsvurdering enklare og meir effektivt? Svar frå adm.: arbeidet er mykje enklare og meir effektivt i dag enn tidlegare, men er framleis tidkrevjande.
- Tiltak har konsekvens for tryggleik. I dag er det krevjande å vite kor ein kan byggje, og det er mange tilfelle av til dømes ras i områder som ikkje er vurdert til å ha risiko for ras. Svar frå adm.: Ja, det er krevjande, og viktig at alle arealendringar byggjer på nøye vurdering i KU og ROS.
- Dersom vi legg inn at vi skal rassikre eit område kan det føre til så store kostnader at området ikkje vert bygd ut. Arealreserven kan bli høg, utan at vi kan bygge ut området.
- TEK 17 fastsett også regler som avgrensar kor ein kan byggje.
- Kva er kommunen sitt økonomiske ansvar? Kan me bli erstatningspliktig? Svar frå adm.: Vanskeleg å svare generelt, men det kan bli rettsakar av ein del tilfelle.

Bolk 2: Status utgreiingar og kunnskapsgrunnlag

Kartlegging av strandsona

Presentasjon frå Rolf M. Raknes (plan og analyse). Følgjande tema var omtalt i samtale og dialog:

- Lei av naustsaker der folk ikkje får opp båtane sine pga byggegrense, korleis løyse det? Svar frå adm.: Fastsetting av byggegrense mot sjø er eit arbeid som kjem etter at kartlegging av funksjonell strandsona er ferdig.
- Kan ein leggja/endra premissa i KPA, for å gjere det enklare å få dispensasjon til å til dømes bygge naust? Svar frå adm.: Det kan vere krevjande å få dispensasjon frå ein ny plan. Arbeidet vi no gjer med ei fagleg kartlegging av strandsona gjev eit godt grunnlag for planarbeidet.
- Kva analyse trengs for å endre byggegrense som ligg i veggiliv til eit naust slik at ein kan få ut båten?
- Å gjere perlene langs sjø tilgjengeleg for dei som ikkje har båt er også viktig.
- Kan vi legge inn i KPA at naust og båthamner ikkje skal privatiserast.

Kommunen sine eigna arealbehov

Presentasjon frå Trude Langedal (plan og analyse). Følgjande tema var omtalt i samtale og dialog:

- Innspel til KPA-spørsmål om kvifor administrasjonen jobbar med å avklare arealbehov i Knarvik når det ikkje er opna opp for innspel innanfor dette området (kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen og nokon områdeplanar). Svar frå adm.: Administrasjonen har forstått at vedtaket gjeld for eksterne innspel, men at det er opning for å gjere faglege og politiske endringar innanfor heile Alver kommune.
- Spørsmål om korleis ein skal forstå vedtak om å ikkje ha innspel innanfor KDP KAA. Intensjonen med vedtaket var at i KPA så skal det ikkje gjerast endringar innanfor opplista områdeplanar og kommunedelplan Knarvik-Alversund, med Alverstraumen. Svar frå adm.: Adm. viste vedtaket, som er knytt til kap. 5 i planprogrammet, «Innspel til arealdelen». Administrasjonen skal utarbeide ein politisk sak for å avklare spørsmålet om KPA Alver skal opne opp for faglege og politiske endringar i heile kommunen, eller ikkje.

Bolk 3 Innspel til arealdelen

Presentasjon frå Marte Hagen Eriksrud (prosjektleder KPA) og Trude Langedal (plan og analyse).

Følgjande tema var omtalt i samtale og dialog:

- Politisk styringsgruppe fatta vedtak i tråd med kommunedirektørens sitt framlegg.



Bolk 4 Vidare prosess og framdrift

Presentasjon frå Marte Hagen Eriksrud (prosjektleder KPA) og Kristin Nåmdal (tenesteleder plan og analyse). Følgjande tema var omtalt i samtale og dialog:

- Neste heildagsmøte i politisk styringsgruppe 24.mai 2023
- Mykje arbeid gjenstår, det kan vere krevande å halde framdrift kjem tilbake med detaljert tidsplan på møtet 24.mai.